



Rådmannen sine vurderingar av innkomne merknadar etter varsel om oppstart

Detaljreguleringsplan for Settefiskanlegg i Herand

Nr	Avsendar/dato	Innspel kort oppsummert	Forslagsstillar sin kommentar	Rådmannen si vurdering
1	Gry M. Strømsnes, 13.12.18	<p>Eit stort industriområde ved utløpet av Herandselva vil ha stor negativ verknad for kulturmiljø og trivsel for eigarar og tilreisande. Tiltaket vil òg ha tydnad for verdi av eigedomane i området.</p> <p>Arealet mellom eksisterande anlegg og busetnad bør i størst mogleg grad verte avsett som buffersone/parkbelte for å oppretthalde eit skilje mellom industriområdet og busetnaden.</p> <p>Forslagsstillar må utnytte dagens areal betre og meir effektivt, for å auke sin produksjon, før nye areal vert teke i bruk. Utviding av produksjonsareal bør skje ved utviding av eksisterande fylling i sjø.</p> <p>Me, som naboar, kjem ikkje til å akseptera ytterlegare forringing av utsikt- og lystilhøve ved at bygghøgder framføre bustadhusa vert auka.</p> <p>Dobling av produksjon vil auke trafikk tilsvarande. Veg og tilkomst til industriområde og 10/50 tilfredsstillar ikkje dagens krav. Positivt og naudsynt at delar av hovudvegen er teke med i planområdet. Me føreset at vår tilkomst til 10/50 vert utbetra</p>	<p>Utbygginga vil påverke kulturmiljøet i Herand negativt, sidan den ligg tett på objekt og område som har kulturverdi.</p> <p>Ein har gjort grep for vern av Herand sag i planen ved at sone for bandlegging etter kulturminnelova vert lagt inn saman med eksisterande omsynssone for kulturmiljø får kommuneplanens arealdel.</p> <p>Det vert lagt inn eit mindre grøntareal mellom settefiskanlegget og eksisterande busetnad i sør. Denne vil kunne ha noko buffereffekt.</p> <p>Føremålet med planen er å oppgradera settefiskanlegget i Herand, og på sikt auka produksjonen. Betre arealutnytting er eit verkemiddel for å kunne gjera dette.</p> <p>Det vert lagt opp til at ingen bygg vert høgare enn det høgaste bygget på eksisterande anlegg. Bygg skal trappast i to nivå mot sjøen.</p>	<p>Rådmannen vurderer forslagsstillar svarar godt på innspela.</p> <p>Rådmannen har vidare forståing for at utbygging vil ha negativ konsekvens for Herand, men forslagsstillar har sikra viktige kulturminne som Herand sag i plan og td. lagt inn turveg for ålmenn ferdsle.</p>

		<p>som del av planarbeidet. Me føreset òg at me vert kontakta undervegs i planarbeidet, og før planforslaget vert lagt ut til offentleg ettersyn, slik at me kan finne gode løysingar. Hovudvegen er trong, og går gjennom busetnaden. Det burde vurderast å leggje vegen om utanfor sentrumsområdet før det vert lagt til rette for ytterlegare tungtrafikk.</p> <p>Ved utviding/utbetring av veg og industriområde må det samstundes leggjast til rette for at vatn- og avløpsanlegg for annan busetnad kan utskiftast.</p> <p>Det må gjevast føresegner som hindrar at naboar og miljø vert utsett for ureining.</p>	<p>Tilkomst til settefiskanlegget vert utforma i samsvar med krav i Statens vegvesen si handbok N100. Det er ikkje opning for endringar i FV 550 då denne er eit statleg listeført kulturminne, og nasjonal turistveg. Privatrettslege tilhøve vert ikkje lagt vekt på i planforslaget.</p> <p>Det vert opna for samordning av privat avløp i planforslaget.</p> <p>Tilhøve med omsyn til lukt, lys og støy vert utgreidd i ROS analysen, og må følgjast opp etter at nytt anlegg er oppført.</p>	
2	Statens vegvesen, 20.11.18	<p>Delar av FV. 550 og avkøyrsløse frå denne er innanfor planområdet. SVV ber om at sanering og samordning av eksisterande avkøyrsløse vert vurdert. Avkøyrsløse må tilfredsstilla krav i N100. Dei må òg ha rette stigningskrav og radier for store køyretøy. Siktsoner må vera målsette i plankartet.</p> <p>Det må setjast rekkjefølgjekrav til at avkøyrsløse skal vera oppgradert i samsvar med reguleringsplan og godkjent av SVV før utbygging av planområdet vert sett i gong.</p> <p>SVV minner om at byggjegranser til veg (FV 550) må verte synt i planforslaget. Vegen har i rammeplan haldningsklasse 3 og byggjegrænse på 30 m. Ei vurdering av tenleg byggjegrænse kan gjerne verte diskutert med SVV i den vidare prosessen før offentleg ettersyn. Langs fylkesvegen skal eit belte på 3 m-breidde på begge sider</p>	<p>Innspelet vert teke til vitande.</p> <p>FV. 550 i planområdet vert regulert inn som den er synt i grunnkart motteke frå Jondal kommune, med 3 m anna veggrunn på kvar side der planen sitt omfang tillet det. Avkøyrsløse med siktsoner til settefiskanlegget vert dimensjonert og regulert inn i samsvar med handbok N100.</p> <p>Ein har ikkje funne det tenleg å samordna avkøyrsløse frå fylkesvegen, då dette vil føre til unødvendig store terrenginngrep, samt mogleg flytting av høgspentmast.</p> <p>Rekkjefølgjekrav for opparbeiding av godkjent avkøyrsløse er innarbeid i føresegnene, jf. § 10.1.</p> <p>Byggjegranser er sett i varierende avstand frå senterline fylkesveg, med omsyn til å få plass til bygg på næringsområdet.</p>	Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje.

		<p>av vegen regulerast til annan veggrunn. SVV treng dette areal for drift og vedlikehald av vegen.</p> <p>FV 550 mellom Utne og Jondal er registrert som eit statleg listeført kulturminne, men er ikkje freda etter kulturminnelova. Vegen inngår i SVV sin verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne. Vegen har ingen vesentleg veghistorisk kulturminneverdi, og treng ikkje synast med omsynssone. Føresegner for å sikre vegen som kulturminne må likevel verte utarbeidd. Det er viktig at vegen behaldar sin karakter i form av linjeføring, breidder, murar, stikkrenner og rekkverk, og at tiltak ikkje vert iverksett før uttale/godkjenning frå SVV og offentlege kulturminnemynder.</p>	<p>Ein legg ikkje opp til endringar på FV. 550, utover justeringar knytt til avkøyrsla til anlegget.</p>	
3	Kystverket, 11.12.18	<p>Planområdet rører ikkje ved skipslei eller andre viktige installasjonar på sjøen. Kystverket minner om at alle tiltak i sjø krev løyve etter hamne- og farvasslova, og at det er Jondal kommune som er mynde her. Ber om at dette vert teke med i føresegnene for planen. Ynskjer planen på høyring når denne føreligg.</p>	<p>Innspelet vert teke til vitande. Krav om søknad til Jondal kommune etter hamne- og farvasslova er teke inn i føresegnene, jf. føresegner § 3.10 Tiltak i sjø og vassdrag.</p>	<p>Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke merknaden til følgje.</p> <p>Planen blir sendt til Kystverket når den skal på høyring.</p>
4	Eva Mælen, 11.12.18	<p>Ynskjer å verte teke med vidare i arbeidet med omsyn til temaet. Vil ha sin tilkomst og parkering på tomt formelt i orden.</p> <p>Kva er grunngevinga for at det ikkje vert sett krav til konsekvensutgreiing når detaljreguleringa ikkje er i samsvar med overordna plan?</p>	<p>Aktuell eigendom ligg utanfor planområdet, inga vidare vurdering naudsynt.</p> <p>Når ei detaljregulering ikkje er i samsvar med overordna plan må det normalt sett gjerast ei vurdering etter KU-forskrifta om planarbeidet vert å utløyse krav til konsenskvensutgreiing (KU). Denne vurderinga skal som regel forslagsstillar gjere, og med bakgrunn i dette tek kommunen stilling til om i kva grad dei er eins med vurderinga. Vurderingane gjeld storleik og karakter på foreslått tiltak, og gjennomgangen av</p>	<p>Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke innspelet til følgje.</p> <p>Rådmannen er samd i forslagsstillar sine svar på innspelet.</p>

			<p>KU-forskrifta tilseier at det ikkje vert krav om KU i dette tilfellet.</p> <p>Sjølv om det i dette planarbeidet vert vurdert at det ikkje er krav til KU, så vil det likevel verte utført grundige utgreiingar og vurderingar av aktuelle tema.</p>	
5	<p>Hardanger og Voss museum, 11.12.18</p>	<p>Forvaltar det freda kulturminnet «Herand oppgangssag». Drift av saga er ein vesentleg del av vernet. Saga er i drift hovudsakleg i smeltevassesongen (april-juli). Vedlikehald heile året, men primært om hausten.</p> <p>Det vert lever tømmer til saga med tømmerbil, og ferdige material vert køyrd ut med lastebil eller bil med hengar. Traktor vert nytta for handtering av tømmer og materiale i området mellom saga og settefiskanlegget. HVM ber om at det vert teke omsyn til vegtilkomst for saga, dvs. at den ikkje vert dårlegare enn i dag.</p> <p>Tørking av material skjer på sagområdet, og delvis på MH sitt område. Med større areal til tørking kunne ein ha skore meir tømmer. HVM ber om at det vert teke omsyn til plass for tørking av materialar, dvs. at det ikkje vert mindre enn det det er i dag.</p> <p>HVM har merka seg at Jondal kommune har nytta med ei anna avgrensing av verneområdet enn det som er kunngjort av Riksantikvaren. HVM ber om at det vert nytta korrekt avgrensing av verneområdet i planarbeidet.</p>	<p>Innspelet vert teke til vitande.</p> <p>Eksisterande tilkomst til sagavert oppgradert noko.</p> <p>Saga med kringliggjande areal har fått eit eige føremålsområde (BN3), med moglegheit for å etablere meir tørkeareal og parkeringsareal i aust.</p> <p>Avgrensing av verneområdet i plankartet er i tråd med Riksantikvaren si avgrensing.</p>	<p>Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke innspelet til følgje.</p> <p>Kulturminne har blitt godt ivaretatt i plan, samt vegtilkomst og fått avsatt større areal, rådmannen vurderer det som positivt.</p>
6	<p>Tor Inge Vikane, 16.12.18</p>	<p>Dersom planen er å fordoble produksjonen, så er det grunn til å tru at utslepp til sjø òg vert fordobla. Dagens ordning med utslepp på 15 m djupne, nære land, verkar å vera belastande med dagens løysing.</p>	<p>Omsyn til utslepp vert søkt om etter anna lovverk, og er ikkje omtala i reguleringsplanen.</p> <p>Det vil vera behov for lagring av meir fôr, men dette er tenkt bygd inne i bygningsmassen, og</p>	<p>Rådmannen vurderer at forslagsstillar har teke innspelt til følgje.</p> <p>Utslepp skal søkjast om og følgja lovverket.</p>

		<p>Det vert vidare stilt spørsmål om lagring av fôr og vil fordoble seg. Opplyser om at det tidvis er lukt som følgje av dette. Vidare vert det lagt til grunn at lysbruk og støy vert utgreia som eit tema i planarbeidet.</p> <p>Merknadsgjevar stillar spørsmål om planlagt tiltak vert å krevje ny konsesjon eller om tiltaksgjevar kan nytta seg av gjeldande konsesjon.</p> <p>Merknadsgjevar registrerer at detaljreguleringa ikkje vert i samsvar med overordna plan, samstundes som at det vert vurdert at det ikkje er trong for konsekvensutgreiing. Det vert stilt spørsmål til korleis dette kan ha seg.</p> <p>Merknadsgjevar vil bli informert om den vidare framdrifta i planarbeidet der kvar det er aktuelt at høyringspartar kan kome med spørsmål og ev. kommentarar.</p>	<p>luktproblematikken vert difor avgrensa.</p> <p>Omsyn til lys og støy er omtala i ROS-analysen, og må følgjast opp etter at nytt anlegg er oppført.</p> <p>Med omsyn til konsesjonsspørsmålet så vert settefiskanlegget å behalda sitt gjeldande konsesjonsnummer. Søknad om utviding av konsesjon vert definert som søknad om ny konsesjon, og skal difor ha ny handsaming.</p> <p>Med omsyn til KU vert det synt til svar på Eva Mælen sitt innspel. Planframlegget vert sendt ut til aktuelle høyringspartar.</p>	
7	Hordaland fylkeskommune, 16.12.18	<p>Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Omtale om kvart kulturminne og vurdering av verneverdi skal inngå.</p> <p>Ev. bygningar som skal rivast må og omtalast. Generelt mykje kulturminne og kulturmiljø/- landskap i området som må verdivurderast. Nytt tiltak i området må ta omsyn til og tilpasse seg verdifulle kulturminne og kulturlandskap. Det vert vidare lista om anbefalingar om korleis, og kva type, dei forskjellige områda burde ha omsynssone. Bergen Sjøfartsmuseum har fått saka lagt fram for seg, og kjem til å krevje undersøkingar av om det</p>	<p>Innspelet vert teke til vitande.</p> <p>Tiltakshavar har fått gjennomført marinarknologiske undersøkingar i planområdet. Det vart gjort enkelte lausfunn, og desse er no fjerna. Krav om generell undersøkings- og meldeplikt i samband med byggjearbeid er innarbeidd i føresegnene til planen.</p> <p>Avkøyrsla er utforma i tråd med N100, og opparbeiding av avkøyrsla er innarbeid som eit rekkjefølgjekrav. Konsekvensar for dei ulike tema er vurdert i kapittel 7.</p>	Rådmannen vurderer at forslagstillar har teke merkningen til følgje.

		<p>kan vera skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet.</p> <p>Dagens tilkomst til eksisterande anlegg skal vurderast. Det vert lagt til grunn at kryss/avkøyrse vert utforma for større køyretøy og har teknisk utforming i tråd med normalkrava i handbok N100. krav til opparbeiding av nytt kryss må gå fram som eit rekkjefølgjekrav i planføresegnene.</p>		
8	Fylkesmannen i Hordaland, 17.12.18	<p>FMHO synar til at vassdragsnaturen og natur og kulturlandskapet i Herandsbygda har stor verdi. Planlegging knytt til utviding av settefiskanlegget må ta vesentlege omsyn til samla belastning på dette viktige naturrommet. Kvalitetar knytt til vassdraget med kantsoner, fossen, strandsona og naturmangfaldet må vera viktige omsyn. FMHO synar til delar av planområdet som òg inngjekk i konsesjonssøknad knytt til Sæverhagen kraftverk. FMHO visar til vurderingane gjort av NVE i samband med avslag knytt til denne søknaden. FMHO minner om at konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 7- 12.</p> <p>Krav til ROS-analyse i alle plansaker. ROS analysen skal syne risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og ev. endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging. TEK17 definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene. ,</p> <p>Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale</p>	<p>Det er gjort vurderingar av konsekvensar for dei nemnde tema, og endra arealbruk er vurdert etter nml. §§ 8-12.</p> <p>Det er utarbeidd ROS-analyse basert på Ullensvang kommune sin mal, der mellom anna skred og flaum er omtala.</p> <p>Det er utarbeidd detaljert flaumfarekartlegging, og flaumsoner er vist som faresone i plankartet. Det er gjort grep i planen, og stilt krav i føresegnene om tiltak for å sikre området mot flaumskade.</p> <p>Vurderingar knytt til folkehelse er omtala i kapittel 5 og 7.</p>	Rådmannen vurderer at forslagstillar har teke merknaden til følgje.

		<p>helseforskjellar. Planlegginga skal vera helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrker helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar. Vurdering av konsekvensar for folkehelsa må utførast. Sentral element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve.</p> <p>Alle som fremmer planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet.</p>		
9	Fiskeridirektoratet, 18.12.18	Fiskeridirektoratet har registrert eit område for fiske med passive reiskapar i sjø i og utanfor planområdet. Ev. røyrlidningar må leggest ut på ein slik måte at dei ikkje heftar fiskereiskap. Det må vidare takast omsyn til låssettingsplassen ved Herand og gytefeltet i vika.	Innspelet vert teke til vitande.	Rådmannen har inga kommentar.
10	NVE, 13.03.2019	<p>Konkret innspel om at nedre del av Storelvi burde vera i arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner», t.d. «Natur og friluftsliv». Det vert i tillegg synt til vassressurslova § 11 med omsyn til kantvegetasjon. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsetast i reguleringsplanen.</p> <p>NVE oppmodar til arealbruk som ikkje medfører inngrep i elva. Dersom inngrep likevel er aktuelt må det gjerast greie for ålmenne interessert knytt til vassdraget, og korleis inngrepet kan ha påverknad på desse</p> <p>Med omsyn til ROS-analysen vil både flaum og erosjon vera relevante tema. Det vert synt til rettleiar «Flaum og skredfare i arealplanar». Areal som vert fløymd over</p>	<p>Storelvi vert regulert som «kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan strandsoner» med vekt på natur og friluftsliv. Kantvegetasjon vert teke for seg både i kapittel 5.6 og 7.5.</p> <p>Inngrep i og ved elva er aktuelt i samfunnstryggleiksøyemed, t.d. samferdsel (FV. 550), privat tilkomst til bustader mv.</p> <p>Det er utarbeidd ROS-analyse basert på Ullensvang kommune sin mal, der mellom anna skred og flaum er omtala. Det er utarbeidd detaljert flaumfarekartlegging, og flaumsoner for 200års-flaum med 40% klimapåslag er vist som faresone i plankartet.</p> <p>Flaumfarekartlegginga konkluderer med at det må</p>	<p>Rådmannen vurderer at forslagstillar har teke merknaden til følgje.</p> <p>Rådmannen vurderer forslagstillar har tatt omsyn til NVE sitt innspel i planen.</p>

		<p>ved 200-årsflaum skal generelt sett verte synt i plankartet med faresone, og ha føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging. Dersom elvebreidda er erosjonsutsett skal det vera tryggleikssone mellom bygningar og topp fylling/skråning, minst 20 m.</p>	<p>gjerast tiltak for å sikre området for flaum. Planen foreslår tiltak for flaumsikring.</p> <p>Storelvi sine breidder vert ikkje vurdert å vera spesielt utsett for erosjon grunna mykje berggrunn/fjell i dagen i området. Nokre delar av elvebreidda har erosjonssikring frå første halvdel av 1900-talet.</p>	
--	--	--	--	--